

Viser på skjermen:	I timen:
<p>Kva er rasisme?</p> <p>How do you see race? (Vocabulary)</p>	<p>Start med denne: How do you see race? - YouTube</p>
<ul style="list-style-type: none"> • Kva er rasisme? • Kva ulike typar rasisme finnast i Noreg? • Kva kan rasisme føre til? 	<p>La elevane snakke med kvarandre to og to: Kva er rasisme? Kva ulike typar rasisme finnast i Noreg? Kva kan rasisme føre til?</p>
<p>NRK TV – Hev stemmen</p>	<p>Sjå del 1 og 2 av denne. Stopp etter songen Leve: NRK TV – Hev stemmen</p>
<p>DERSOM VI HADDA EIN DØD OG DET HADDE LEIGE LENGST FANTES RASISME. KORLEIS VILLE ULIKE MENNENDE MED ULIKE MINDRENSAR MED KANN FRÅ ULIK LAND LAGT MERKE TIL AT RASISMIN VART BORTSET.</p> <p>KVA SKAL TIL FOR Å FÅ SLUTT PÅ RASISME I NOREG?</p> <p>KVN KAN VI INNVEIE I KJØRÉDSEN FOR Å STOPPE RASISMET?</p>	<p>La elevane jobbe i grupper på 3-5 elevar, skriv ut eit ark til kvar gruppe som dei fyller ut saman.</p>
<p>Er det bra nok å ikkje vere rasist?</p> <p>Slengmedlepsi (OKKO - Oslo Extra Large, en by for alle)</p>	<p>Er det bra nok å <i>ikkje</i> vere rasist?</p> <p>Sjå Slengmedlepsi - YouTube Kanskje treng nokon at du seier at dette ikkje er ein ekte diagnose, men at i praksis stemmer det at det å bruke slike ord festar seg i hjernen og blir delvis automatisert. Når ein skal slutte å bruke slike ord vil det difor krevje litt innsats. Både frå den som brukar orda, og dei som er rundt.</p>
<p>Kva ord har de hørt bli brukt i kvardagen, kanskje berre sagt på tull, men som kan såre/krenke andre fordi det blir brukt som skjellsord?</p> <p>Lag ei liste.</p>	<p>Kva ord har de hørt bli brukt i kvardagen, kanskje berre sagt på tull, men som kan såre/krenke andre fordi det blir brukt som skjellsord?</p> <p>Du kan gjerne skrive på ei tavle kva ord elevane kjem med for å få ei samla oversikt. Gjer gjerne ei symbolsk, synleg øydelegging av lista når den er ferdig.</p>
<p>Kva skal til for å få slutt på slik bruk av orda?</p>	<p>Kva skal til for å få slutt på slik bruk av orda? (Både frå den som seier orda og dei som høyrer andre sei orda)</p>
<p>Ver ein alliert!</p> <p>Alliert - håndbok for unge antirasister av Tinashe Williamson</p>	<p>Sjå eventuelt også Alliert – «Håndbok for unge antirasister» av Tinashe Williamson - YouTube</p>

	<p>Øv på å stå opp mot rasisme i ulike samanhengar. La elevane jobbe i grupper igjen og drøfte dei ulike eksempla under. Snakk gjerne i full klasse også mellom kvart eksempel. Du kan godt lese opp dilemmaene for dei før dei jobbar med dei i gruppene.</p>
<p>Dilemma 1:</p> <p>Du står utanfor skolen med ein gjeng frå trinnet ditt. Ein av medelelevane dine har nettopp vore i Oslo saman med familien sin. Eleven seier «Det var skikkeleg digg der, men fy f... kor mange svartingar der var!»</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Kva er det i situasjonen som ikkje er greitt? ▪ Har du eit anse i situasjonen? ▪ Prøv å sei noko som gjer personen merksam på at det ikkje er greitt å uttrykke seg slik. Prøv gjerne ulike alternativ for å finne ut kva som kjemmes best. 	<p>Du står utanfor skolen med ein gjeng frå trinnet ditt. Ein av medelelevane dine har nettopp vore i Oslo saman med familien sin. Eleven seier «Det var skikkeleg digg der, men fy f... kor mange svartingar der var!»</p>
<p>Dilemma 2:</p> <p>Du står og snakkar med venner etter trening og ei av dei seier til ei anna i gruppa: «Sånn som deg har så eksotisk og fin utsjånad!»</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Kva er det i situasjonen som ikkje er greitt? ▪ Har du eit anse i situasjonen? ▪ Prøv å sei noko som gjer personen merksam på at det ikkje er greitt å uttrykke seg slik. Prøv gjerne ulike alternativ for å finne ut kva som kjemmes best. 	<p>Du står og snakkar med venner etter trening og ei av dei seier til ei anna i gruppa: «Sånn som deg har så eksotisk og fin utsjånad!»</p>
<p>Dilemma 3:</p> <p>Du overhøyrer faren din snakke med naboen om å pusse opp heime og far din seier «Eg gidd ikkje gjer sånt sjølv lenger, det er mykje betre å betale ein polakk nokre kroner. Det tek eg meg faktisk råd til.»</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Kva er det i situasjonen som ikkje er greitt? ▪ Har du eit anse i situasjonen? ▪ Prøv å sei noko som gjer personen merksam på at det ikkje er greitt å uttrykke seg slik. Prøv gjerne ulike alternativ for å finne ut kva som kjemmes best. 	<p>Du overhøyrer faren din snakke med naboen om å pusse opp heime og far din seier «Eg gidd ikkje gjer sånt sjølv lenger, det er mykje betre å betale ein polakk nokre kroner. Det tek eg meg faktisk råd til.»</p>
<p>Dilemma 4:</p> <p>Du er på apoteket. Ei av dei som jobbar der har på seg hijab. Når ho tilbyr hjel til ein eldre kunde, høyrer du at kunden seier «Eg venter til eg kan få hjelp av ein av de norske som jobbar her eg.»</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Kva er det i situasjonen som ikkje er greitt? ▪ Har du eit anse i situasjonen? ▪ Prøv å sei noko som gjer personen merksam på at det ikkje er greitt å uttrykke seg slik. Prøv gjerne ulike alternativ for å finne ut kva som kjemmes best. 	<p>Du er på apoteket. Ei av dei som jobbar der har på seg hijab, når ho tilbyr hjel til ein eldre kunde, høyrer du at kunden seier «Eg venter til eg kan få hjelp av ein av de norske som jobbar her eg.»</p>
 <p>Zak Abel - Be Kind (Official Video)</p> <p>Ei litte pusteøving?</p> 	<p>Avslutt med denne: Zak Abel - Be Kind (Official Video) - YouTube og la eventuelt alle skrive ein huskeregel for seg sjølv og andre om å vere anti-rasist. Desse kan plasserast der elevar kjem til å sjå dei slik at dei huskar å gjere dette vidare.</p>
	<p>I løpet av timen, og elles i løpet av månaden, kan de gjerne bruke denne lille pusteøvinga 478 pusteøvelse (youtube.com)</p>